



## Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato	
	Formannskapet		
	Kommunestyret		
Sakshandsamar:	<i>Rolf-Henning Myrmel</i>		
Arkivsaknr.:	15/176	Klassering:	FE - 640

### Minigravemaskin - kyrkjegarden

#### Rådmannen sitt framlegg til tilråding:

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå til innkjøp av ny minigraver til bruk på kyrkjegardane innanfor ei ramme på kr 230.000. Kostnaden vert dekkja med overføring frå prosjekt 033509 veglys kr 115 000 og kr 115 000 frå prosjekt 033508 asfalt.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Minigraveren som ein i dag har på kyrkjegarden er no 27 år gammal og er svært slitt og det begynner å bli vanskelig med å skaffe enkelte deler. Ein har ved to høve dei siste månader fått havari på maskina under gravferd noko som er svært uheldig. Det er få nyare brukte maskiner i markedet og prisen på ei ca 5 års gamal maskin ligg på ca kr 150 000. Ei ny maskin vil ligge på ca kr 210 000 – 230 000. Ved kjøp av ny maskin må ein innhente tilbod frå min. 3 tilbydarar.

##### Vurdering

###### Miljø

Ei ny maskin vil ha betre arbeidsmiljø, mindre støy og faren for søl av motor og hydraulikkolje vil og vere mindre.

###### Økonomi

Vedlikehaldskostnadene vil være lav i mange år på ei ny maskin en kostnadene vi har i dag. Det er ikkje avsett midlar for investering til minigraver, ein rår til at ein overfører midlar kr 110 000 frå

prosjekt 033509 veglys og kr 110 000 frå prosjekt 033508 asfalt.

### **Konklusjon**

Austrheim kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gå til innkjøp av ny minigraver til bruk på kyrkjegardane innanfor ei ramme på kr 230.000. Kostnaden vert dekkja med overføring frå prosjekt 033509 veglys kr 115 000 og kr 115 000 frå prosjekt 033508 asfalt

### **Sakspartar**